

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Asle Johan Bergseth Konnerth

Arkivsak: 23/60

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
FORMANNSKAPET	17.01.2024	005/24

Rullering av retningsliner og kommunal målsetjing for hjorteforvaltning 2024-2027

KOMMUNEDIREKTØREN SI TILRÅDING

Dokumentet sendast ut på høyring til aktuelle instanser og berørte med heimel i § 3 i Forskrift om forvaltning av hjorteforvaltning. Svarfrist 18/2-2024.

17.01.2024 FORMANNSKAPET

Møtebehandling Vedtak samrøystes

FOR - 005/24 Vedtak

Dokumentet sendast ut på høyring til aktuelle instanser og berørte med heimel i § 3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Svarfrist 18/2-2024.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn for saka

Forskrift om forvaltning av hjortevilt(FOR-2016-01-08-12) gjev reglar for forvaltninga av hjortevilt. Det er her i §3 sagt at kommunane skal fastsetje mål for utviklinga av bestandane av elg, hjort og rådyr. I Stranda kommune har me innslag av både hjort, rådyr og streifande elg(med truleg opphav frå Skjåk) som det ikkje er opna jakt på. Mindre omfang av rådyr, det vert berre felt 5-6 rådyr i Liabygda kvart år, så me utelater elg og rådyr i denne saka.

Føremålsparagrafen (§1) gjev og føringar for bestandsmåla. § 1 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt seier :«Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal leggestil rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal vidare sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.»

§ 3.Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr «Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord-og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

Dagens hjorteviltbestandar utgjør ressursar både som grunnlag for rekreasjon gjennom jakt, andre naturopplevingar og som kjøttprodusentar. Desse ressursane gjev mange stader og etterkvart grunnlag for næringsmessig utnytting. Nokre jegerar og grunneigarar ynskjer difor å ha tette hjorteviltbestandar. Samstundes påverkar hjorteviltet andre næringsinteresser som jord, skog og hagebruk der beiteskader av hjortevilt kan medføre økonomisk tap av betydeleg omfang. Skade i private hagar og på gravplassar, parkar o.l. kan og einskilde stader vere eit problem. I høve samferdsle er kollisjonar mellom køyrety og hjortevilt mange stader er eit stort problem. Dette kan i mange tilfelle medføre alvorlege personskadar i dei verste tilfella med tap av menneskeliv. Slike kollisjonar har og oftast store økonomiske konsekvensar gjennom skade på køyretøy, kostnader for helsevesenet og kostnader med ettersøk og avliving av skadde dyr. Store konsentrasjonar av hjortevilt påverkar og vegetasjonen i vesentleg grad noko som igjen kan få betydning for naturmangfaldet. Dette gjeld både i høve til vegetasjonen og endra livsmiljø og levekår for andre viltartar og organismar. Forsking syner at effektar av hjorteviltbeiting kan vera både positive og negative avhengig av kva forvaltningsmål ein har for det biologisk mangfaldet. Kommunen har såleis ansvar for å ta omsyn til ei rekkje interesser når dei gjennom det kommunale målet skal legge føringar for hjorteforvaltninga. Dei kommunale måla bør vere mest mogleg konkrete og kunne etterprøvast.

Saksopplysningar

Viltlova

Viltlova(LOV-1981-05-29 nr. 38: Lov om jakt og fangst av vilt)og Naturmangfaldlova(LOV-2009-06-19 nr.100: Lov om forvaltning av naturens mangfold) gjev rammene for jakt og fangst av vilt og for forvaltning av vilt. Viltlova gjev regelverket for det meste i høve utøving av jakt, fangst og forvaltning av vilt. Ein del av dette er heimla direkte i lova, men og gjennom ei rekkje forskrifter til lova m.o.a.:-Forskrift om forvaltning av hjortevilt som særskilt omhandlar forvaltninga av hjorteviltet. Føremålsparagrafen i Viltlova seier:§ 1.(lovens formål)Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens produktivitet og artsriktigdom bevares innanfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.)

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova som er ei overordna lov i høve all arts og arealforvaltning gjev ikkje konkrete reglar for jakt, fangst og forvaltning av vilt anna enn i høve det som ein vanlegvis kallar «skadefellingsløyve». Dette vil sei uttak av vilt utanom reglar for vanleg jakt og fangst for å avverje skade på ulike interesser. Dette er heimla i:§ 17.alminnelige regler om annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk og i § 18.annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene. Prinsippai Naturmangfaldlova skal likevel leggst til grunn ved all forvaltning både av areal og einskildartar. Lova stiller og krav til kunnskapsgrunnlaget for offentlege vedtak noko som då gjeld for fastsetjing av det kommunale målet så vel som for både tildeling av fellingsløyver og godkjenning av bestandsplanar.§ 1.Lovens formål«Lovens formål er at naturen meddensbiologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»§ 8. Kunnskapsgrunnlaget «Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av

påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.»

Lov om skogbruk(Skoglova)

Også skoglova har reglar som kan legge føringar for forvaltninga av hjortevilt dersom hjorteviltbestanden medfører store skadar på skog jfr. Lova sin § 9:§ 9.Førebyggjande tiltak Når det er fare for at større skogområde kan bli skadd av insekt-eller soppangrep skal kommunen setje i verk dei førebyggjande tiltak som er nødvendige. Dette kan mellom anna vere pålegg til skogeigarar. Dette gjeld også for skog og tre i område som er utanfor virkefeltet i § 2. Departementet kan fastsetje nærare forskrifter om slike tiltak, og korleis utgiftene skal dekkjast. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen er tvangsgrunnlag for utlegg. Der beiting av hjortevilt fører til vesentlege skadar på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge skog etter § 6 i denne lova, skal kommunen som viltorgan vurdere om det er behov for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert.

Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt

Direktoratet for Naturforvaltning fastsette i 2009 strategi for forvaltning av hjortevilt(DN rapport 8 –2009). Strategien freistar å synleggjere utfordringane ein vil møte i høve forvaltninga av hjorteviltartane i åra framover. Denne utgjer den overordna målsetjinga for korleis ein ynskjer forvaltninga framover som er uttrykt gjennom 5 konkrete mål :Forvaltninga skal sikre livskraftige og sunne hjorteviltbestandar, rikt biologisk mangfald og framtidig produksjon. Forvaltninga skal ha brei samfunnsmessig legitimitet. Forvaltninga skal sikre samarbeid og samhandling mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar. Forvaltninga skal vere basert på høg kompetanse på alle nivå. Forvaltninga skal stimulere til auka kvalitet og mangfald av opplevingar, tenester og produkt.

Vurdering

Stranda kommune var tidleg ute å satte seg målsetjing om hjorteforvaltninga og laga retningsliner til bestandsplanane historisk sett. Dette arbeidet er det jobba vidare med inn i nytt forslag. Samstundes har me fått nytt teljandeareal og minsteareal i tråd med dagens regelverk og Sunnhjort merkeprosjektet har gjeve oss nyttig informasjon og åreleveområda til hjorten i Stranda kommune.

<https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/2650252>

Denne kunnskapen er implementert i dokumentet og forvaltninga. I Stranda kommune er det mykje jakt og høg bestandstetthet til glede for storviltjegerane i stort sett heile kommunen, men noko tettare i Sunnylvn og delvis Liabygda som har høg vinterbestand.

Grunnleggjande utfordringar i kommunen med hjorteforvaltninga er fallande slaktevektar, viltkollisjonar, konflikter med innmarks- og skogskadar. Det heile heng sannsynleg stort sett saman med att hjortestamma har vokst sida 60 tallet frå 0 fellingar til 464 i 2023. Toppåret var 2017 med 775 fellingar. I snitt så kan ein grovt seie att vinterstamma har vore på om lag 1800-2000 vinterdyr sida 2010-talet. Dette talet kan syne seg for høgt om ein ser på viltkollisjonar, belastninga på landbruket, slaktevektane, skogskadar og bærlyngen m.v. til døme i vinterbeiteområda. I Stranda kommune vert det årleg gjeve statsbidrag frå skattebetalarane på om lag 45 millionar kroner for att det skal vere eitt aktiv landbruk dvs. jord og skogbruk. Det er to bedrifter knytt landbruk, Ole Ringdal (sysselsett 50 faste og opptil 80 i høgsesongen) og Stranda spekemat (sysselsett tilsvarande over 50). Det var 78 søkjarar til produksjonstillegg i 2023.

Kommunedirektøren meiner dokumentet gir godt grunnlag for å fortsette ei god økologisk forvaltning av hjorteviltet i Stranda kommune dei neste åra, men det viktigaste i hjorteforvaltninga er å samarbeide godt saman då omtrent 60% av hjortestamma er migrerande

og har store årsleveområder som strekker seg mellom hjortevalda og mange jaktfelt. Greie ein å få til meir samarbeid i hjortevalda og mellom hjortevald? Samarbeidet bør starte frå botnen mellomjegere, jaktlag og jaktfelt. Fellesjakt mellom jaktfelt kan vere eitt sosialt og hyggeleg tiltak.

Så er spørsmålet er om hjortestamma er redusert nok til ein storleik til omlag 1500 dyr i vinterbestand? er den metabolske kjøttvekta i hjortestamma gått nok ned? Me kan konkludere med att det har blitt betre kjønnsballanse med fleire eldre bukkar mot koller nært tilnærma reelt 1: 1,2, som ønska oppnådd i førre periode.

Våre hjorteviltstammer er i utgangspunktet forma av *naturlig seleksjon* over lange tidsrom, anten det er eigenskapen for å overleve vinteren eller for å unngå rovdyr. Ein viktig type seleksjon i denne samanheng er såkalla *seksuell seleksjon*. Dette går spesifikt på eigenskapar knytta til akkurat sjølv reproduksjonsøyeblikket – brunsten til hjortedyra. Årsaka til at bukken er større enn kolla, ligger her. Stor kropp er hovedsakelig en fordel for hanndyr for å vinne brunstkampar.

Jaktseleksjon vil først gi evolusjon om det er seleksjon på (arvbar) storleik for en gitt årsklasse. Trofejegere og til dels kjøttjegere vil ha preferanse for å skyte de største dyra. Dette vil uregulert gi retningsbestemt seleksjon.

Fram til i dag har det for nesten alle hjortebukker vore mogleg til å reproducere seg – sida det har vore ein så skeiv kjønnsfordeling i bestanden. Dette betyr at det ikkje vil være noe poeng å vokse seg stor, men ikkje naudsynt et sterkt seleksjonstrykk mot store individer. Resultatet kan likevel bli mindre bukkar, bare at mekanismen er ein anna.

No etter kjønnsballansa tilnærma er retta til reelt 1:1,2 i bestanden må effekten få tid til å virke for att me kan sjå resultat av ein meir vital bestand med større dyr i alle aldersklasser, noko som berre kan skje med ein ballanse mellom kvalitetsbeite og berekraftig storleik på hjortestamma. Det er ikkje mål å ha fleire hjort i bestanden. Får ein ikkje resultat er no, er nok bestanden fortsatt for stor i form av metabolsk kjøttvekt.

Avskytingstrategi og statistikk

For å nå målsetjinga lyt ein følgje ei avskytingsstrategi, slik att dette heng saman. Stranda kommune stettar seg på “*Solberg, E.J. Nilsen, E.B., Rolandsen, C.M., Veiberg, V. 2021.*

Avskytingsstrategier for elg og hjort: Hva skal vi velge, og hva blir konsekvensene? NINA Rapport 1701. Norsk institutt for naturforskning.”

<https://hdl.handle.net/11250/2774805>

Differanse mellom bestand og jaktuttak



Kategori	A1	A2	A3	A4	A5	A6	A7	A8	A9
% kalv	10	20	20	20	20	30	30	30	40
% 1-åring	40	20	30	40	50	10	20	40	30
% eldre	50	60	50	40	30	60	50	30	30

Skalering	Kjønnsrate	Seleksjonsindeks								
1000 dyr	1:1	0,37	0,18	0,20	0,44	0,67	0,18	0,15	0,72	0,76
1000 dyr	2:1	0,59	0,31	0,39	0,49	0,59	0,36	0,25	0,42	0,45
30 000 kg	1:1	0,36	0,15	0,21	0,44	0,70	0,17	0,15	0,72	0,75
30 000 kg	2:1	0,58	0,31	0,39	0,49	0,59	0,36	0,25	0,44	0,46

Lav seleksjonsindeks = liten forskjell mellom sammensetningen av bestanden og jaktuttaket

Behov for betre og meir samarbeid mellom og i hjortevalda vil auke med lågare seleksjonsindex, samt behov for auka jaktinnsats. Kjønnsrate 1:1 gjer det også såleis enklare å jakte for jegerane. A9 har mindre variasjon før og etter enn A8.

6. Bevaringspakka

- ▶ Naturlig bestandssammensetning
- ▶ Balansert kjønnsforhold
- ▶ Lavt uttak av kjøtt/trofé/individer
- ▶ Lav/moderat samlet jaktinnsats
- ▶ Høy andel unge dyr i uttaket
- ▶ Robust og vital bestand

For å kunne gjere noko med slaktevektutviklinga må ein ha ei jaktøkonomisk strategi og avskytingsmodell. I tillegg lyt ein halde bestanden under kontroll for unngå større tettheitsavhengige effektar.

Norsk institutt for naturforvaltning har laga ei ferdigpakkar til viltforvaltninga rundt om i landet og me har bare eitt alternativ om me skal auke vitaliteten på bestanden, **“Bevaringspakka”**, som fleir og fleir kommunar rundt oss vel.

Nina legg fram to alternativ til bevaringsøkonomisk avskytingsmodell til strategien. Her kan me velge mellom A8 og A9, det blir vurdert att det er vesentleg meir utfordrande å skyte 1 ½ åringar enn kalvar, så ein må gjere ett val om A8 eller A9 som avskytings modell. Dette fordrar riktig nok kjønnsballansert uttak med ei lita overvekt av hodyr av dei vaksne dyra kjønnsrate 1:1 som reelt er 1:1,2 (dvs. tilnærma uttak 52% hodyr og 48% hanndyr for vaksne.) dette fordi hanndyra har ei større naturleg avgang i alle aldersklassane i følge forskarane. Stranda kommune lyt velje velgje mellom:

1. **40% kalv 30% 1 ½ åringar og 30% vaksne (kjønnsfordelt blandt eldre dyr 48% hanndyr og 52% hodyr)**
2. **30% kalv 40% 1 ½ åringar og 30% Vaksne (kjønnsfordelt blandt eldre dyr 48% hanndyr og 52% hodyr)**

Høg andel kalv/ungdyr er påkrevd da intensjonen er å auke snittalder på bestanden og løfte slaktevekta til hjorten ut av den svake negative spiralen. Me ønsker å løfte den opp 10%.
Med tanke på val av kjønnsrate (1: 1) må ein sjå nærare på den negative effekten av skeiv kjønnsrate for å forstå kvifor dette kan påverke bestanden ugunstig med tanke på gendrift og/eller parringssuksess.

Den genetiske variasjonen vil avta med skeivere kjønnsrate og lågare kalve uttak.

Et godt naturleg utval blant bukkane vil føre til at dei best tilpassa individer i større grad får vidareført sine eigenskapar til neste generasjonar enn snittet.

Oppsummert:

Me har valgt å legge inn "bevaringspakka" og forslag (A9) som forslag 1. som avskytingsmodell på 40% kalv 30% ungdyr og 30% vaksne. Då me ser at nokre hjortevald ikkje får til eitt so godt samarbeid som optimalt mogleg, vel me ikkje å foreslå A8.

Kilder:

Solberg, E.J. Nilsen, E.B., Rolandsen, C.M., Veiberg, V. 2021. Avskytingsstrategier for elg og hjort: Hva skal vi velge, og hva blir konsekvensene? NINA Rapport 1701. Norsk institutt for naturforskning.

Meisingset, Erling L.; Brekkum, Øystein; Lande, Unni Støbet. Sunnhjort – Et merkeprosjekt for hjort på indre Sunnmøre - Sluttrapport

Øpstad, Samson; Hysten, Gro; Meisingset, Erling L. Beiteskade av hjort i foryngingsfelt og ung produksjonsskog av gran og furu. Områdebruk og forvaltningstiltak for å redusere skadeomfang

Asbjørn Karbø. Vinterbeitetaksering av blåbærlyng i Stranda kommune 2021-2023

Meisingset, Erling L.; Brekkum, Øystein; Lande, Unni Støbet. Rapport - Analyse av hjortepåkjørsler i Fjord, Stranda og Sykkylven kommuner

Mysterud, A. (2011) Selective harvesting of large mammals: How often does it result in directional selection? Journal of Applied Ecology, 48, 827-834.

Mysterud, A., Bonenfant, C., Loe, L. E., Langvatn, R., Yoccoz, N. G. & Stenseth, N. C. (2008) The timing of male reproductive effort relative to female ovulation in a capital breeder. Journal of Animal Ecology, 77, 469-477.

Mysterud, A., Yoccoz, N. G. & Langvatn, R. (2009) Maturation trends in red deer females over 39 years in heavily harvested populations. Journal of Animal Ecology, 78, 595-599.